
Saksnr: 2021/2704-6
Saksbehandlar Bekka Skaasheim
Dato: 23.02.2021

Til: Hovudutval for opplæring og kompetanse

Frå: Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

Utdanningsløftet 2020 og andre ekstraordinære tilskot knytt til Covid-19

Vestland fylkeskommune fekk i 2020 nasjonale midlar for å møte utfordringane i vidaregåande opplæring. Dei nasjonale midlane var i stor grad bundne til nasjonalt fastsette tiltak og med krav om rapportering. Fylkeskommunane fekk ved utgangen av 2020 eit større handlingsrom til å sjå tiltak i samanheng og overføre midlar til 2021. I 2021 skal fylkeskommunane skal ha fleksibilitet til å omprioritere mellom tilskota. Tilskot til fagbrev på jobb kan berre nyttast til føremålet.

Fylkeskommunen har i 2020 motteke nasjonale midlar gjennom ulike «krisepakkar» . Fylkesdirektøren gjer i dette notatet greie for korleis midlane er nytta.

Krisepakke 2: (fordelt av fylkesutvalet PS 88/2020)

	2020	2021 Nasjonale midlar-ikkje fordelt på fylkeskommunane	Tiltak i 2020
Fagskuletilbod	4,8 mill kr		Industrifagskulen
Fagbrev på jobb	10 mill kr	Vidareført, ikkje motteke tildelingsbrev	Godkjent fleire kontraktar
Karriererettleiing	2 mill kr		Styrka Karriere Vestland
BIO-midlar	12,8 mill kr	Vidareført, fordeling kjend 6.april 2021	

Krisepakke 3- Utdanningsløftet 2020

	2020	Overført til 2021	2021 Nasjonale midlar ikkje fordelt på fylkeskommunane	Tiltak i 2020
Tilskot til fylkeskommunar for at fleire permitterte og ledige utan fullført vidaregåande opplæring kan fullføre	32 mill kr	32 mill kr	286 mill kr	«Grip sjansen» er lyst ut i samarbeid med NAV. Tiltak startar våren-21.
Tilskot til tiltak for lærlingar	22 mill kr	Ca 7 mill kr	46 mill kr Vidareført gjennom nye	Tilskot til opplæringskontor og bedrifter for å

			satsingar m.a rekvalifisering og fleksibilitet i fag og yrkesopplæringa	stimulere til fleire læreplassar og lærekontraktar. Tilbod om vg3 i skule
Tilskot til fylkeskommunane for at årets avgangskull skal fullføre og bestå	18,5 mill kr	16,6 mill kr	144 mill kr	Styrka og tilpassa opplæring for elevar. Systematisk oppfølging av elevar utan vurdering.
Tiltak retta mot sårbare barn og unge	4 mill kr	0		Individretta tiltak
Fagbrev på jobb	5,1 mill kr*	2,9 mill kr	45,5 mill kr +BIO midlar	Godkjent fleire kontraktar

*)Eiga løyving frå Kompetanse Norge, berre for nye kontraktar etter 1.7.20.

Fylkeskommunale styrkingstiltak

Opplæring og kompetansesektoren er i FU- sak 2021/50 tilført ressursar til strakstiltak. 12,9 mill kr skal nyttast til elevar med IV og/eller karakteren 1 ved 1.termin og søkjarar til læreplass som ikkje er kvalifiserte. Det skal også setjast av ressursar til tiltak for kandidatane med stryk på fag-/sveineprøve og/ eller behov for utvida læretid.

Det skal vidare setjast av 20 mill kr til Krafftak for psykisk helse for elevar og lærlingar.